

O. Garborg

Foto: Olav Garborg

BUR DET JÆRSKE I JÆRHUSA?

RAGNHILD THU

Rivinga av det gamle jærhuset ved Varhaug gamle kyrkjegard påsken 1995 skapte ein veldig diskusjon i media - og blant folk flest. Mange skulda jærbøndene for å vera både kulturlause og historielause. Då Ragnhild Thu gjekk i gang med si hovudoppgåve i etnologi ville ho m.a. undersøka påstandane om dei historielause jærbøndene nærare. Det har ho gjort ved å intervju eit utval gardbrukarar. Ho spør seg då: Treng identitet og historiekjensle nødvendigvis vera knytta til dei materielle elementa frå fortida som kulturapparatet og den utdanna middelklassen har plukka ut som symbolberande element - som t.d. jærhusa? Dersom det jærskje ikkje bur i jærhusa, kva er det då som konstituerer jærbonden sin identitet, tilhøyre og tradisjon?

Det er til å grine av... Slik karakteriserer filosofen Arild Haaland rivinga av det 150 år gamle jærhuset ved Varhaug gamle kyrkjegard påska 1995. Denne vårdagen i april, etter kvart som lyset strekker seg utover dei flate markene på Sør-Jæren, vert det avdekka eit syn som dei komande vekene skulle kome til å engasjera mange. Kjernen i striden er eit 150 år gammalt jærhus som vert tillagt varierende verdi hjå dei impliserte partane, og no er det altså ein saga blott. Huset som vart rive sto på privat grunn, men ikkje i tilknytning til det "nye" tunet på garden. Det låg litt for seg sjølve med ein liten trelund like ved. Haaland hadde i si tid planer om å gjera det om til ei stifting som skulle gjera det mogleg for forfattarar og kunstnarar å kome til Jæren for å få inspirasjon og arbeidsro. Desse planane vart til slutt forpurra av at det kom nye eigarar til garden som tydeleg var mindre positive til Haaland sitt nærvær og planane hans.

Mange vart engasjerte i hendinga, og venta spent på kva etterspel dette kunne få. Ikkje uventa utkrystalliserte det seg ganske snart to motpolar i denne saka. Det var kulturvernarane; private, kommunale og fylkeskommunale, på den eine sida, og dei som kjempa for eigedomsretten og at det skal vera mogleg å utvida og utvikla garden som ein sjølv ynskjer, klart plassert på andre sida. For vernestyresmaktene var det ei rystande oppleving, og kanskje vart det òg oppfatta som eit signal om at det var naudsynt å skjerpe regelverket og oppsynet frå kommunalt hald.

Denne særskilde hendinga var ikkje den einaste saka knytta til vernespørsmål som fann stad på Jæren i fjor. Likevel har eg teke utgangspunkt i nett denne saka for å kunne danne eit bilete av standpunkta og posisjonane dei ulike gruppene inntek når dei vert stilte ovanfor slike konflikatar. Det som skjedde dei næraste dagane etter rivinga vil kunne gje ein god innfallsvinkel til dei

Skal du selge bolig?
La oss gi deg et tilbud.

Ta kontakt med
Rudolf Ottesen
eller Frode Rødder.
Tlf. 51 89 11 12

Olansen & Rødder
Kjøyst. 14
Tlf. 51 89 11 12. Fax 51 89 13 90



Det gamle jærhuset ligger ike ved Varhaug gamle kyrkjegård. Huset var frå 1850-1860. (Arkivfoto: Ejal Erskovsen)



Jærhuset ved Varhaug gamle kyrkjegård er no berre utan spor. Berre etn gravhaug ligg igjen på eigedommen. (Foto: Geir Steen)

Verneverdig jærhus vart rive i påsken

spørsmåla eg har stilt meg i tilknytning til dette temaet. Arild Haaland sitt engasjement i denne saka var fyrst og framst knytt til det faktum at han, saman med konservator Oddveig Foldøy, hadde lagt ned fleire hundre tusen kroner og mangfoldige arbeidstimar for å restaurere nettopp dette verneverdige jærhuset. Haaland legg ikkje to fingrar imellom når han gjev sin versjon av saka gjennom pressa, og det ligg òg eit snev av misjonering i hans haldning til jærbonden sin måte å handtera fortida si på. *Eg er heilt overgitt over at rike jærbuar kan handle så skøyteslaust...* (Jærbladet 1995, 19. april).

Han ser på dei som sto bak handlinga som *samtidens verste vandaler* (Stavanger Aftenblad 1995, 25. april), og skriv vidare at det er den store økonomiske auken, som me har vore vitne til dei siste årtida, som er den eigentlege syndebukken. Den har vore med på å fjerne jærbuen frå si *eigentlege* tilhøyre og identitet. Utifrå den posisjonen han inntek, argumenterer han for at det kun er *ein* måte å forma og handtera fortida på. Det er gjennom ivaretaking av særskilde materielle objekt som er basert på kriteria utarbeida av Riksantikvaren. Dei som ikkje er interesserte i å følgje desse reglane vert definerte som menneske som ikkje ser verdien av

si eiga historie og fortid. På denne måten tek han på sett og vis monopol på det moralske prosjektet som inneber ein særskild livsstil og ikkje minst eit særskilt haldning- og tankesett. Her er kanskje eit av kjernepunktta i ein diskusjon som dette. For eit tankesett som eg skisserte her, går på tvers av det ein finn hjå mange av bøndene. Deira moralske prosjekt er grunna på heilt andre verdier enn det ein finn hjå til dømes Arild Haaland. Dette vil eg koma nærmare innpå etterkvart.

Gjennom avisartiklane frå desse april dagane vert ein med andre ord presentert for ei sak som får fram sterke kjensler hjå fleire partar. Samstundes som ein kan lese ut kva posisjonar dei ulike partane inntek i denne og liknande saker, vert det òg ein peikepinn til å kunne seie noko meir. Nemleg å prøve å skjønne kva som ligg til grunn for haldningane ein kan spore hjå bøndene. Det mangla stort sett ikkje på meiningar og engasjement når dei berre fekk sleppe til. Som ein av informantane mine uttrykte det:

Ja, æg sko i groen ha sent blomma te grunneigaren æg au. Du vett, der he nok aldre vore så møje blomma på den garen så itte di reiv dæ huse ! (Livar)

Fleire bønder reagerte negativt på den omtalen dei fekk i avisene i denne perioden. Ein som slapp til med sine argument og si historie hadde sjølv vore i ein liknande situasjon som ekteparet på Varhaug. Han ville rive eit hus som vernestyresmaktene ville ta vare på. Bonden Ole Magnor Skjørestad hevda i avisa at bønder mest vert uthengde som forbrytarar når dei ynskjer å utvikle gardane sine. Då set han likskapsteikn mellom utvikling og riving/sanering av det som er gammalt. Det må alltid

byggjast noko nytt for at det skal kunne vurderast som utvikling, og det verker ikkje som om det er føremålsteneleg å forbetre den allereie eksisterande bygningsmassa slik han tenkjer. Om me forlet avisene og ser nærmare på kva haldningar bøndene har til dette, kan ein sjå at det òg er sparsamt med interesse for å ivareta andre typer kulturminne om dei kjem i konflikt med interessa bonden har for å dyrka opp utmark eller binde saman små åkerlappar til større marker.

Hær på garen æ både gravhaua å steingardane vekke. Æg vart av mæ mange garda i den brunå hær borte! Æg vart leie av desse gardane. Dei lagte så små stykke "...". Dæ æ noge tull mæ møje av desse fredningane viss di helle vil dyrka. Dæ æ nå de sama kæ bøndene vil nytta de te, så æ de viktigare (Fritjof 6).

Det er berre ein av mine informantar som har teke vare på det gamle heimehuset på garden. Dei nytta det gamle skalet, eller reisverket, på huset då familien hans overtok drifta. Det er òg fleire av dei andre som kunne ha gjort noko liknande, men dei har ikkje sett på det som eit reelt alternativ av ymse årsaker.

Ja, me hadde jo dæ valge. Dæ va `kje noge jærhus, men de sto ett gammalt hus hær. Me reiv de å byggde oppå same groen. Æg va jo inne på tanken om å fiksa de opp, men dæ hadde ikkje gått... Han nekta jo blankt. "...". Me æ jo opptogne av at de ska vær funksjonelt, dæ betyr møje (Kari).

Dei ser det, som tidlegare nemnt, naudsynt å byggje nytt om dei skal følgje opp forventninga om utvikling.



Det kan vera vanskeleg for bøndene å kombinera ivaretaking av ulike typer kulturminner når dei samstundes har sterke interesser knytta til nydyrking. I dette området er det omlag 20 gravhaugar som er verna.

Foto: Norsk Fly- og flyfoto AS

Og nettopp dette med utvikling er svært sentralt. Det er noko som vert tala om som viktige og sentrale moment om ein prøver å trekkje ut essensen av det å vera bonde på Jæren i dag. Ei anna vinkling på saka, som er uunngåeleg når ein ser på ivaretaking og restaurering av gamle hus, er det økonomiske aspektet. Det er mange som er heilag overtydde om at set ein igang eit slikt prosjekt, så vert det mykje dyrare enn om ein byggjer eit nytt hus. Stat og kommune tek heller ikkje, slik dei ser det, nok ansvar når det gjeld fordelinga av dei økonomiske byrdene. Eigeomsretten og kontrollen over privatlivet og garden, er òg noko som dei frykter for å miste om dei skulle gå med på ein avtale med vernestyresmaktene. Som ein av informantane uttrykkjer det:

Så æ de dette hær mæ denne renningå av folk. Viss huse blir freda så æ de kommunen sitt, å då æ de fritt fram for folk å koma å sjå. Tenk deg om sommaren når adle turistane kjæme innom for å sjå. 10-15 bila i garsromme! (Livar).

Dei profesjonelle vernarane derimot ser på dette med ganske andre auge. I følgje dei bør det kunne gå an å leggje litt innsats i å ta vare på det som dei ser som dei sentrale elementa i kulturarven. Ein går ofte utifrå at det er nett her ein kan hente ingrediensane til å skape identitet og tilhøyre. Dette er omgrep som for folk flest er positivt lada, og objekta som er knytte til desse førestellingane vert difor sett på som noko positivt snarare enn som ein bremsekloss. Ein av mine informantar opplevde at ein arkeolog frå Stavanger Museum prøvde å lokka han frå å pløye over ein gravhaug som

var freda med det argumentet at han burde føle det som ei ære å ha slike kulturminne på eigeomen sin. Denne bonden såg imidlertid ikkje på seg sjølv som den letturte sorten. Han fnyste av arkeologen og lurte på om han meinte at ære var noko å leve av (Omund).

Slik ser ein gong på gong at kulturminnene kjem i vegen for den drifta bøndene ynskjer å maksimere ut av garden sin. Litt sett på spissen så vert det i mange tilfeller sett på som ein hemsko. Det same gjeld for den gamle reiskapen som enno står, på nåde, i eit hjørne av løa. I den augneblinken ein treng hjørnet til noko anna, fær reiskapen rett på "tippen".

Problemstillingar

Som sagt har eg valt å nytta hendinga på Varhaug som eit utgangspunkt for å skissera dei ytterpunkta som ofte eksisterer i vernedebattar. Vidare fungerer det òg som ein illustrasjon på kva tilhøve ein del bønder i 1990-åra har til det utvalet av historia og fortida som kulturapparatet har plukka ut som sterke symbolberande objekt.

Kva er det eigentleg som er årsaka til at dei to partane vel å vurdere dette på så ulike måtar? Konfliktfeltet som oppsto i samband med denne saka, danna for mange eit grunnlag til å hevda at jærbonde er historielaus avdi han ikkje ynskjer å ta vare på den gamle bygningsarven. Men vert ikkje det eit for enkelt svar på eit reknestykke som er mykje meir komplisert? I vidaste forstand dreier denne debatten seg om mykje meir enn verving av gamle hus. Det er opptakten til ein diskusjon kring historieforståing, tilhøyre, identitet og meiningsdanning for dei menneska det dreier seg om, nemleg jærbonde. Mange vil hevda at kulturarven

og historia er med på å skape tilhøyre og kontinuitet for menneska. Om jærboendene ikkje viser særskild interesse for desse tinga, kva er det då som gjer dei stolte av, og bind dei til heimstaden sin?

må ein prøve å danna seg eit bilete av dei haldningane som ligg til grunn for at handlingar, som den på Varhaug, vert utført med overtyding. Kondemnering av gamle jærhus, steingardar eller gravhaugar har med jamne mellomrom funne stad på Jæren. Slike tilhøve opnar for interessante studier avdi desse aktørane ikkje følgjer dei spelereglane som vernestyresmaktene har lagt opp til når det er tale om handtering av fortida. Med ein slik føresetnad må ein sjå seg om etter andre innfallsvinklar og forklaringsmodellar når ein vil sei noko om den kulturen jærboendene representerer.

Fleire av dei som jobber med kulturvernarbeid i regionen har fått merka at det til tider kan vera eit vanskeleg arbeid. Kvifor har jærboenden så vanskeleg for å sameine bevaring med utvikling? Bøndene har sine eigne oppfatningar om kva reglar som gjeld for det som dei rekner for å vera deira eigedom. Kan det tette tilhøvet dei har til jorda og garden vera ein av årsakene til at eigedomsretten er noko ein ikkje så lett kan rokke ved hjå eindel bønder? Verkar dette i så fall inn òg på andre sider ved levestet deira?

Kan ein seie at bøndene i generasjonar har overteke forfedrene sine måtar å takle framskritt, endring og ivaretaking på? Kanskje spelar òg tanken om kor viktig det er å gjera rasjonelle val inn her? Kva får dette i så fall å seie for jærboenden? Kva tradisjon er det dei byggjer på, og kva utslag gjev det i kvardagsleg praksis i dag? Kan ein seie, på tross av at mange nok vil hevde det motsette, at kjenslene og tilhøvet dei har til heim-



Nokon har kanskje eit tvetydig tilhøve til Brøyten. Samstundes som han gjorde ein kraftinnsats for nydyrkinga på Jæren, har han også vore med på å jamna deler av kulturarven i regionen med jorda. Denne prototypen på den hydrauliske brøyten står i utstillingslokalet til Jærmuseet.

Foto: Jærmuseet

staden sin er tett knytta saman med fortida og forfedrene som har dreve garden før dei? Her ser me døme på menneske som har andre preferansar når det gjeld å ta vare på den materielle kulturarven enn det ein finn hjå dei som stort sett er med på å definere kva som er meiningsfortetta objekt for folk. Men som eg har vore

inne på treng ikkje det tyde på at dei er rotlause og utan identitet.

Den samtidige konteksten er viktig for å kunne skjønne tilhøva me finn på Jæren i dag. Men like viktig er den historiske bakgrunnen som òg har vore med på å skape Jæren. Ynskjer ein å kome nærare innpå kva dette har å tyde for jærboenden sine val, vert det naudsynt å gå litt attende i tid. Sjølv om det i utgangspunktet kan vera vanskeleg å finne døme på aktiv bruk av historia hjå jærboendene, så trur eg at historia kan fortelje noko om tilhøva og hendingar me finn på Jæren i dag. Samspelet mellom menneska og historia deira skaper eit sett av haldningar hjå den einskilde som er med på å utgjera den identiteten og tilhøyra dei kan ha til ein region. Med ein slik innfallsvinkel er det ikkje lenger sjølvstøtt at identitet og ei kjensle av tilhøyre treng vera knytta til den materielle kulturarven. Mitt utgangspunkt, når eg starta med dette prosjektet, var ein idé om at bøndene på Jæren var totalt uinteresserte i fortida si. Deira handlingar både forundra og provoserte meg, og difor ville eg sjå nærare på fenomenet.

Dette var ein liten introduksjon til dei tema som vert tekne opp utetter i artikkelen. La oss sjå kva me finn om me tek nokre skritt nærmare desse bøndene og møter dei på heimebane.

Dei store Forteljningane

Og som Landet, saa og menneskenes Boliger; ved første Øiekast finder man disse Hus-klynger for uanseelige; men har man først sat sig ind i Omstændighederne og faaet Øie for Husformenes Hensigtmessighed, og har man derhos reist over Jæderen længe nok for å kunne se, hvorledes Folket idelig sysler og stræver med at



«.....ved første Øiekast finder man disse Hus-klynger for uanseelige» skreiv Eilert Sundt om byggeskikken på Jæren.

Teikning av Nicolai Ulfsten frå Oagna 1878.

forbedre sine huse, se, da kan man komme til at betrachte dem med velbehag (Sundt 1900:258).

Det var altså slik Eilert Sundt såg Jæren på ei av reisene sine i forrige århundre. Men jærlandskapet er i stadig endring. Torvmyrane og lynchheiane som Eilert Sundt, og mange ferdamenn med han, skildra som eit typisk trekk for området, er no i ferd med å forsvinne. Dei små uanselege jærhusa, som òg var med på å danne det landskapet me kun kjenner frå gamle bilete eller maleri, har måtte vike for større og meir tidsriktige bygningar opp gjennom åra. Men i løpet av den siste tida, etterkvart som det har vorte meir aktuelt, populært eller i tida å ta vare på desse tinga, har det altså utvikla seg frontar mellom dei som ser verdien av å ta vare på den materielle sida av fortida, og dei som meiner dei har andre interesser å skjøtta.

Dei bøndene eg har tala med om desse spørsmåla har vore temmeleg eintydige i sine haldningar. Det er ofte dei som sit som forvaltalarar av både gamal bygg-

ningsmasse, steingardar og gravhaugar. Med eit utgangspunkt som yrkesbonde er det ikkje fyrst og fremst viktig for dei å verne om den materielle sida av fortida, men snarare driva fram ein levedyktig gard.

Me he sju gravhaua hær, men for at ittekomarane våre ikkje sko ha gått glipp av noye så hadde nok klart seg mæ to, kanskje! (Kari)

Det treng ikkje tyde at alle eldre, verneverdige eller freda objekt skal sanerast, men om desse tinga kjem i ein konfliktsituasjon med deira interesser som bønder er dei sjeldan viljuge til å fira. Slik kjem kulturvernarane og bøndene opp i interessekonflikter, og det vert ein diskusjonen kring kven som skal sitje med det avgjerande ordet i slike saker. Dei som forvalter garden og jorda, eller dei som forvaltar lovverket. Rivingsaka på Varhaug, som danna utgangspunktet for dette hovudfagsarbeidet, var i så måte ei hending som sette nettopp desse problemstillingane under lupa. Men om ein ikkje satsar på den materielle kulturarven som sentral identitetsmarkør, kva har ein då å vise til, og trekkje fram? Utifrå mitt materiale meiner eg å kunne sjå at bøndene byggjer mykje av sin identitet kring ideen om den driftige jærbonden.

Di jamre nå så fælt for tiå for at de verte dårlegare tie, men dæ he ikkje æg noye tru på. Dei så bare vil jær noye klare seg allti "...” Æg trivst gått mæ bonneyrke, å æg he forandra møje hær på garen. Æg he dyrka opp 40 nye mål. å dæ he våre viktig arbei for mæg (Fritjof).

Nettopp verdien av førestellinga om den driftige jærbonden, som me fekk eit døme på her, vart grundig

utfordra i samanheng med diskusjonen kring jærhuset på Varhaug. Dei som ynskte å ta vare på bygningen sette eit spørsmålsteikn ved den driftige og rasjonelle jærbonden avdi han, slik dei ser det, er med på å øydeleggje materielle objekt som er sterkt symbolsk lada for andre grupper. Men for kven tyder desse objekta noko? Kanskje ikkje for den jamne jærbonden. For dei vert husa ofte berre:

ståanne der te ingen nytte, å dæ æ bare udjifte "...” åsså æ de jo enndel hus så æ verna sånn at folk kan sjå koss di gamle jæhuså såg ud (Geir).

Her ser me korleis jærhusa i sterk grad må vike når dei vert sett opp mot noko som tyder meir. For jærbonden er det veldig ofte framskritt og utvikling. Noko som tryggjer hans posisjon som ein driftig bonde med næringsvett. Fortida er forbi, og sjølv om dei ser seg sjølve som ein del av den kontinuiteten historia er med på å skape, er det ikkje naudsynt å halde fast på fortida gjennom gamle hus og gjenstandar. Deira tilhøyre vert skapt på andre måtar.

Her finn ein at bonden vert del av ein kontinuitet på trass av at han ikkje er blant dei som legg vekt på å ta vare på det som tradisjonelt vert sett på som verneverdige objekt. Dei same objekta som for ein del andre kanskje kan vera naudsynnte for å ha ei kjensle av at dei har eit tilhøve til røtene og heimstaden sin. Det å vera bonde, den livsstilen og haldningane det fører med seg, kan t.d. vera med på å danne dei ramene og den heilskapen den einskilde kan trenga.

Særskilt desse svært så positivt lada forteljingane som eksisterar om jærbonden, tok altså til å peika seg



Endringane som har funne stad på Jæren er formidable, og ein kan berre prøve førestelle seg det arbeidet som ligg bak overgangen frå stein og myr til fruktbar jord.

Øverst: Nybrotsteig eller «opptak» på Gruda i Klepp i 1940-åra. Her dyrka dei med spade, steinbukk og handamakt. Nederst: Utsyn frå Hellestøveten over Klepp.



meir og meir ut etterkvart som eg kom tettare inn i materialet og arbeidet med denne oppgåva. Det vart etterkvart dei som skulle leia vegen inn i den jærskje fortida og notida.

Alt du vil vita om Jæren i kvardagslaget, fortel dei mange nyreiste bruk med sine digre løer og små heimhus. Eller synet av mann, kone og heile ungeflokken som ligg på alle fire i nepeåkeren ein føresumardag og pitlar ugras. Arbeid kvir jærbuens seg ikkje for, og ikkje for nye tiltak heller (Vegard Sletten 1943:318).

Mange av dei skriftlege kjelder eg har funne som omtaler eller ynskjer å gje ein karakteristikk av jærbonden, minner om dette sitatet i ordlyden. Dei kan fortelje om ein bonde som jobbar seint og tidleg, som “potlar” og grev og som er varsam med pengane han klarer å samle i hop gjennom dette slitet. Det er eit bilete av ein driftig bonde som har tankar for framtida og som ynskjer å dyrke og skape i sitt daglege virke. Men det er ikkje berre i skrifta ein finn slike utsagn. Bøndene sjølv både kjenner og likar ein slik karakteristikk:

Me æ nok litt meir... æg he treft på bønne, udflytta, ront om i lanne og på austlanne særlygt, å de syne litt atte at de æ litt meir tag i dei. Di æ litt meir opptogne av å få gang i dæ så di he å ska driva mæ, å sjeine litt. Me he jo allti sitt på dei løene på austlanne så enn kan sjå jønå veggen på omtrent. Me sjeine å står på litt meir (Geir).

Her ser ein korleis det eksisterer ein tanke om at jærbonden er noko for seg sjølve når det kjem til arbeidsinnsats og initiativ. Det er derfor fortsatt full

grunn til å holde øye med nye Jæren. Det vil fortsette å endre seg. Men jærbuens vil fortsatt låne sin arbeidsglede til endringene (Stavanger Aftenblad 1988, bilag våren).

Ideane kring den driftige jærbonden er tett knytta til det moderne prosjektet. Difor er det ikkje naudsynt å gå lenger attende enn til det forrige hundreåret for å hente inspirasjon til denne Forteljinga som dei fleste kjenner. Ei viktig årsak til at innhaldet er så velkjend, er at desse førestellingane òg er å finne i ein del skriftlege kjelder. Skal ein tru dei kjeldene som historikar Stein Tveite nyttar seg av, så er det jærbonden som driv det beste jordbruket her i landet. Han tilføyer i eit foredrag halde i Rogaland Akademi, kalla “Den driftige jærbu - myte eller realitet?”, at dette var eit syn som var *ålment godtatt* både før og etter krigen. Han støtter seg mellom anna til NSB sin turistfører for 1919 for vidare å underbyggja denne tanken og gje eit døme på kor utbreidd han er: *I det hele er jo Jæren kjent for store framskritt i landbruket og for iherdig arbeide på dets videre utvikling...* (Tveite 1981:46). Professor ved NLH, Sigvald Hasund, har òg sitt å fortelje frå ein av sine turar på Vestlandet kring byrjinga av dette hundreåret.

I det siste er det dog en liten del av Vestlandet som har trængt det andre fuldstændig i skyggen. Det er Jæren. Fremgangen der er enhver bekjendt, og alle vet hvor Jæren er at finde. (Hasund i Tveite 1981:46).

Slik ser ein korleis bøndene kan verta ein del av ei fortid og ei samtid gjennom forteljingar og hendinger som byggjer opp under nett positivt lada karakteristikkar som samstundes skaper ei line attende i tid.

“Utruleg at me her på denne fæle stygge Jæren hev kunstmålarar”

Dette er ein kommentar frå Arne Garborg som vart utløyst av at det kom fleire og fleire kjende og ukjende kunstmålarar til Jæren i slutten av det forrige hundreåret. Nettopp desse kunstnarane har vore med på gje ein form for status til det opne landskapet ein møter når ein reiser over Jæren. Både diktarar, målarar, folkelivsgranskarar, agronomar og kjøpmenn har opplevd naturen på sin måte på ferdene gjennom området. Det har vorte karakterisert på ulike måter opp gjennom tidene, både med fascinasjon og avsky.

Sjølv om kulturlandskapet har endra seg mykje frå den tida då Garborg let desse lite smigrande orda falle, så er det framleis mykje av den karakteristiske naturen på Jæren. Det er nett denne naturen som har gitt opphav til den andre av dei Store Forteljingane eg vil kome inn på. Likeeins som Forteljinga om den driftige jærbonden har òg denne Forteljinga om naturen tyding for kjenslene jærbonden har til heimstaden sin.

Kva er det så for ei naturoppleving ein kan få om ein reiser over Jæren? Jæren er det opne landskapet, det er den vide og overveldande himmelen som legg sitt særmerkte lys over dei flate markene, det er den stendige nordavinden og det brusande havet som slår mot dei milelange sandstrendene i vest. Dette er altså ei Forteljing om landskapet som, slik eg ser det, kan ha vore med på danne kontinuitet for jærbonden, og kanskje eit meir komplett bilete av Jæren for utanforståande. Det er nettopp desse store linene i landskapet som tyder noko og danner ramer for jærbonden sin kvardag. Dei trekka i naturen som har vore eins i mest alle tider. Kanskje har desse store landskaps-

formasjonane meir å seie enn myrane, lyngheiane og utmarka dei må leggje under seg for å utvide gardane sine?

Folk flest på Jæren har eit tilhøve til innhaldet i denne Forteljinga. Det eksisterer ein retorikk kring desse førestellingane, og det gjer det meir takknemleg å tale om. Samanliknar ein denne retorikken med dei haldningane bøndene har, finn ein ofte eit samsvar mellom dei to nivåa.

Ja, dæ må vær da att æg lige å sjå sjøen. Me reise litt ront te Sele, Tananger, Sola å Reve. Dæ besta må vera på Høg-Jæren. Om æg sko ønskt meg enn aen plass å bu så måtte de ha våre der. Litt opp sånn att enn kunne ha sitt udøve have, fått øvesikt. Æg vett ikkje keffor æg sedde sånn pris på have. Men de æ noge fasineranne mæ de (Torstein).

Men det er òg ei anna side ved dette, og det er at ein vil kunne finne at kontakten mellom bonden og naturen kan verta så nær, sjølv sagt og kjend at det kan vera vanskeleg å gje ei forklaring på kva det er som er særskilt med dette landskapet. Som ein av mine informantar uttrykkjer; *Nei..., de typiska æ vel dæ att dæ æ typisk. Hær he me ett typisk jærlannskab* (Torstein). Det at ein står så tett i høve til noko kan skape vansker når ein skal setje ord på dei tankane ein har gjort seg om saka. Dette er ein innfallsvinkel det kan vera interessant å gå litt vidare på, og det vil verta sentralt om ein går litt vekk frå dei store Forteljingane og set kvardagslivet litt meir under lupa. Ser ein på dei aktivitetene bøndene har utomhus, vil ein finne at dei i stor grad har sine arbeidsfelt knytta til kroppsleg virke i det kultur-



Tre som bøyer seg for nord-vesten er eit av kjennemerke på det jærske landskapet.
Foto: Olav Garborg.

landskapet dei sjølv har vore med på å skape (Krogh 1996). Denne aktiviteten som er så sjølvstekt for dei vert det vanskeligare å setje ord på enn dei fenomen som det eksisterer ein klar retorikk kring. Det er lettare å fortelje om kor mykje det opne og skakkblåste landskapet tyder for den tilhøyra dei kjenner til Jæren, enn å snakke om korleis den kroppslege aktiviteten, gjennom arbeidet med nettopp dette landskapet, gjev

dei noko form for kjensle av å høyre til. Ein vert ofte nøydd til å gå via andre innfallsvinklar og samanhenger for å kome djupare inn på kva dette kan tyde eller fortelje. Det vil eg prøve ved å la to bønder frå ulike generasjonar få fortelje kva det vil seie for dei å drive ein gard. Fyrst ut er Thorvald som er uroa over dei unge bøndene sitt tilhøve til arbeidet dei utfører; ...*dei unge nå æ så traktorbevisste at di kan meste ikkje hantera*

ei spaa lenger. Dæ æ meste synn på mange av di (Thorvald). Dei unge har nok i mange tilfelle eit anna tilhøve til mykje av det som skjer på garden, men eg trur at ein framleis kan finne den kontakten med jorda ein får via kroppsleg arbeid sjølv om ikkje alt lenger foregår med hande makt.

Me leie inn enndel folk hær te å ta dele av dæ spesialarbeie, enn så sår og enn så sprøyte. Men dæ æ enn del ting æg vil halla på sjøl. Som for eksempel dæ å pløya, dæ æ litt greit forsåvitt. Sprøyting æ ikkje noge særlikt. Såing æ au...dæ kunne vore greit, men enn kan ikkje jær alt sjøl helle (Geir).

Sjølv om dei ikkje i like stor grad som tidlegare meistrer kunsten å handtera ei spade eller ein ljå, står dei likevel, gjennom sitt arbeid på maskinane, i eit nært tilhøve til jorda dei legg arbeidsinnsatsen ned i. Det er ikkje lenger ljåen som er bonden sin forlenga arm, han er bytta ut til fordel for skurtreskjaren og vendeplogen.

Korleis overleva i det mytiske rommet?

Men korleis vert så desse to Forteljningane om den driftige jærbonen og naturen i området haldne ved like? Dei lever, som eg var inne på tidlegare, ikkje eit liv lausrive frå dei menneska dei tyder noko for. Dei står i høve til eit kvardagsliv, og i slike samanhenger vert førestellingane endra eller vedlikehaldne gjennom ein gjensidig påverknad mellom diskurs og praksis. Om ein tek Forteljninga om jærbonden som døme, ser ein at det eksisterer ei førestelling om den driftige jærbonden som er kjend blant bøndene på Jæren, og som kan vera med på å setje dei inn i ein større heilskap og skape kontinuitet.

Det som er særskilt i dette tilfellet er at den førestellinga som eksisterer kring jærbonden og det arbeidet han gjer, ligg tett opp til hans daglege virke. Det vert difor mogleg å oppretthalde eit samsvar mellom forteljing og praksis, som er sentralt for eit vedlikehald.

Di jamre nå fælt for tiå for at de verte dårligare tie, men dæ he æg ikkje noge tru på. Dei så bare vil jær noge klare seg allti"..."Æg trivst gått mæ bonneyrke, å æg he forandra møje hær på garen. Æg he dyrka opp 40 nye mål, å dæ he våre viktigst arbei for mæg (Fritjof).

Det er mogleg for dei å leve ut førestellingane gjennom arbeidet sitt, og som ei fortsetjing kan ein sei at i den augneblinken arbeidet dei gjer vert satt i høve til noko anna og overbyggjande vil førestellinga kunne gje mening attende til bøndene. Handling gjev på denne måten mening avdi ho står i ein samanheng. Slik vil ein òg kunne forklare korleis det er mogleg å skape tilhøyre og identitet gjennom det arbeidet ein gjer på garden som går utover den praktiske innsatsen.

Det vart naudsynt å leite i historia og finne fram dei seige strukturane i samfunnet, og følgje korleis dei er med på å skape og vedlikehalde den kulturen bøndene på Jæren er ein del av i dag. (Connerton 1989:72). Her ser ein korleis fortida og dei menneska som har levd her før oss får tyding for det me kan finne her i dag. Gjennom samtaler med bønder har det dukka fram eit mønster av forteljingar, ord og bilete som er med på å danne den kulturen dei representerer.

Men det er ikkje berre gjennom forteljingar og førestillingar at dette skjer. Handling og praksis vert sentrale



Her får me eit inntrykk av korleis ein jærfamilie ynskte å framstå kring århundreskiftet. Dei har stilt seg opp i sundags-stasen med gardshusa i bakgrunnen. Kona i huset sit med strikkesøyet i hendene og slåmaskinen er og sentralt plassert i biletet. Frå Særheim i Klepp kring 1905.

Foto frå Biletsamlinga i Klepp.

moment for å kunne skjøne dei prosessane som er i gang her. Det oppstår ein samanheng og gjensidig påverknad mellom kontinuiteten, arbeidet og førestellingane som er knytta til jærbonden. Ser ein slik på det, så er det ikkje berre tale om at arbeidet vert viktig for å få garden til å svive rundt og for at avlingane kjem i hus. Arbeidet kan òg sjåast på på eit anna nivå. Jærbonden jobber seg inn i, og er dermed sjølv med på å oppretthalde, ein tradisjon som fortel om ein driftig og arbeidsam bonde. Eg snakka med fleire av informantane mine om det var viktig for dei å vera med på å utvikla, og få noko betre ut av garden gjennom konkret fysisk arbeid.

Ja, heilt klart. Dæ æ sånn så de allti he vore, at om æg he dyrka litt så reise æg opp å sedde mæg i gravemaskinen, æg he enn sjøl, å tenke på dæ nå folk sto hær mæ steinbukka. Dei ska ha all ære for dæ di he jort oppijønå tiene. Dæ æ de ikkje tvil om (Geir).

Slik ser ein at vekselverknaden mellom førestelling og praksis skaper ein situasjon der samfunnet vert oppretthaldt gjennom ein kontinuitet der mellom anna førestellingane om den driftige jærbonden ligg innebakt. Dette er òg eit samfunn der det er mogleg å streve etter innovasjon på tross av, eller kanskje nettopp på grunn av, at ein tek vare på tradisjonane som ligg nedfelte i kontinuiteten.

Kva er det så for prosessar som er med på å skape dei lange linene og dei seige strukturane i eit samfunn eller ein region? Ein måte å sjå dette på er at ein tenkjer seg at det er mogleg å byggje opp ei form for handlingsmønster som vil kunne vera med på å halde ved like den store Forteljinga, og det vil i praksis verta gjennomført i samanheng med handlingar som har ei særskilt tyding. Kva er det så me ynskjer å ta vare på ved å vedlikehalde Forteljingar gjennom handling? Ein kan kanskje seie at eit samfunn og ei gruppe menneske kan få sin identitet representert gjennom ei slik stor Forteljing, og at det på den måten kan sjåast på som ein kollektiv variant av det personlege minnet alle menneske knyter seg opp til. Men det er ikkje nok at det eksisterer ei Forteljing folket i ein region kan hente små historiar frå, det er naudsynt at det vert utført handlingar som står i eit høve til innhaldet i Forteljinga. Men desse handlingane kan ikkje vera kva type handlingar som helst, men det er handlingar som ber preg av å ha eit rituelt utspring eller preg (Connerton 1989:70).

Som oftast vert rituelle handlingar definerte som handlingar som i seg sjølve ikkje har meining, men som nettopp skaper meining gjennom å verta utførte om og om igjen. Men med dette utgangspunktet vert det vanskeleg å definera bonden sin dagelge arbeidsinnsats som ein rituell handling, for her finn ein som motsetnad at kvar handling verkeleg har meining i praktisk forstand. Deira innsats på garden er fyrst og fremst grunna på tanken om at arbeidet har ei klart definert tyding. Dei er fyrst og fremst bønder avdi dei har det som eit yrke og ein leveveg. Men sidan vegen til det å verta bonde er noko annleis enn den faglege skuleringa andre

gjennomgår for å kunne starte ein yrkeskarriere, vil det òg vera mogleg å knyte ei sterkare tilhøyre og identitetsproduksjon til arbeidet. Ein av informantane mine har dette å sei: For mæg så æ dæ å vær bonne hovedsagele ett yrkje. Dæ æ noge så intressere meg (Livar). Men han går vidare, og seier at det òg ligg andre ting i det å vera bonde som gjer det til noko anna enn eit "vanleg" yrke.

Du vett de æ jo forventninga frå omjivelsanne om dette hær. Enn verte innstilte på dette frå enn æ ganske liden gutt, å enn får jo stadigt hørra att enn æ odelsgutten "... Ittekvært så tiå jekk, å de nimma seg te at æg sko øveta, tog far meg meir å meir mæ i arbeie (Livar).

Eg vil prøve å vise at omgrepet rituell, i ein samanheng som dette, faktisk òg kan få meining i ei litt anna og ikkje så snever tyding av ordet som det eg var inne på ovanfor. Om ein løyser litt, og opner opp for kva ein kan leggje i omgrepet rituell handling, er det kanskje mogleg å sjå at det kan få ei litt annleis tyding enn det som tradisjonelt har vore lagt i ordet. Slik ein kan trekkje inn andre handlingsområde enn det som har vore vanleg å definere inn i rituelle handlingsrom.

Eg meiner at ein kan forstå dette slik at jærbonden opererer innanfor eit slikt alternativt rituelt handlingsrom, og på den måten vil ein som heilskap, og i dei situasjonane dei har nytte av det, kunne definera sine handlingar som noko meir enn aktiviteter som gjev dei eit levebrød. Det daglege arbeidet dei utfører på garden får gjennom sitt vane preg og stadige gjentakning, ei form for rituelt innhald som gjev meining attende til han eller ho som legg seg sjølv inn i arbeidet. På same


måte som det kan skape meining å utøve ein rituell handling for å oppretthalde ein kontinuitet mellom seg sjølv og noko utanforliggjande, vil det daglege virke til bonden òg kunne lesast på same måten. Korleis nokre av informantane uttaler seg om ferie og fri dagar kan stå som døme på ein slik tanke.

De verte lide mæ att me reise noge særlygt på færie. Dæ æ ikkje bare dæ at dæ æ litt vanskele å koma i frå, men du vett Livar gå snart på veggene viss `ann ikkje får vær heima å stella mæ litt forsjelligt. De verte for kjedele, rett å slett. To, tri dage klare `ann seg, men då må `ann ha noge å jær, føle `ann (Nina).

Det er vanskeleg for Livar å lausrive seg frå garden og gardsdrifta, kanskje avdi det er ein del av den livstilen han lever, og avdi arbeidet han gjer set han inn i ein større samanheng. Gjennom skikkeleg arbeid i det daglege vil jærbonden kunne halde liv i den store Forteljinga som eksisterer kring deira liv og verksemd, og det vil òg, som eg har vore inne på tidlegare, presentere noko attende til dei.

Fortida i våre hender

Men la oss no gå eit skritt attende, og sjå på den tida me har lagt bak oss og på dei hendingane i den jærsk historia som har fått tyding for menneska som lever her i dag. Er det sider av fortida som er viktige for bøndene i samtida? Som me har sett vaks det i forrige hundreår fram ei forteljing om jærbøndene som ga heider til den nyskapinga og arbeidsinnsatsen dei la ned i jorda og gardane sine. Sakte men sikkert utvikla Jæren seg frå å vera eit skrint og fattigsleg område til å verta eit av



Då dynamitten kom på marknaden sprengde jærbonden seg fram i dobbel forstand.

Foto: August Thu.

dei fremste jordbruksdistrikta i landet. Det er mange moment som har vore verksame for å skape den situa-

sjonen me kan finne der i dag. Den omfattande og veksande reiskapsindustrien har stått sentralt, det same har landbruksskulestyrar Jan Adolph Budde og landbruksskulen han starta på Austrått (Sægrov 1989). Viktige var òg dei moderne nyvinningane som kom på marknaden frametter hundreåret, som i langt sterkar grad gjorde det mogleg å drive eit moderne jordbruk. Men eit anna sentralt moment, som heng saman med gjennomføringa av alle desse endringane, er den opninga ein etterkvart fann hjå jærbøndene til å ta til seg desse nyvinningane.

Nils Gilje har i fleire samanhengar teke føre seg Weber si tese om samanhengen mellom protestantismen og den kapitalistiske ånd (Gilje 1994, 1995). Han har prøvd ut desse tankane ved å overføra hypotesa på den rørsla som vaks fram kring Hans Nielsen Hauge. Hauge var fleire gonger på Jæren i byrjinga av det forrige hundreåret, og både religiøse vekkingar og økonomiske verksemdar vaks fram i kjølvatnet av desse ferdene. Berge Furre har til ein viss grad vidareført desse resonnementa i sitt arbeid, og vist samanhengen mellom dei religiøse rørsleane, som hadde god grobotn i dette området, og framvoksteren av ein moderne mentalitet (Furre 1987). Furre viser i boka om Lars Oftedal korleis han som prest og predikant manta sine sokneborn til å satse på den nye tida. Det vert sagt at Oftedal var inspirert av Hans Nielsen Hauge på fleire måtar, både når det var tale om kristendomsforståinga han tenkte utifrå, og den rolla han meinte mennesket skulle innta på jorda (Furre 1990). Dei vakte skulle fungera som hushaldarar den tida dei var på jorda, dei skulle forvalta det jordiske godset i Gud sin stad og på beste måte. Denne tanken forutsatte ein sterk arbeids-

innsats og ein vilje til å satse på det nye.

I denne same perioden vart nasjonen Noreg konstruert, og eit omfattande arbeid vart sett i verk for å skape ei felles historie og kulturarv for alle dei folka og regionane landet omfamna. Den innlandske odelsbonden vart valgt ut som fanebæraren for dette store prosjektet, og Jæren og den kulturen bøndene der representerte vart i denne samanhengen for ein avkrok å rekne. Mykje av det gamle hadde gått tapt av ulike årsaker, og det som sto att kunne ikkje måla seg estetisk med dei relikta som var å finne andre stader i innlandet, ifølge dei som sto for denne utvelginga.

I staden for å representera banda til fortida, kunne jærbonden etterkvart følgje opp dei moderne straumdraga. Den nye nasjonen trong, saman med ein kontinuitet attende i tid, òg moderne industri og jordbruk som kunne leia folket inn i det nye hundreåret. På Jæren kan ein finne at det nettopp var grobotn og vilje til å møte det nye. Mot slutten av det forrige hundreåret såg fleire industriverksemdar dagens lys, og det var fyrst og fremst verksemdar som produserte reiskap for landbruket (Barkved 1989, Lindanger & Nordås 1987). Som vist ovanfor vart det òg gjennom den religiøse bodskapen formidla ei spore til initiativ og framdrift på den økonomiske fronten. Berge Furre meiner å ha funne ein samanheng mellom dei områda som støtta opp kring Oftedal og hans religiøse bodskap, og der det levde menn og kvinner som ynskte endringane velkomne.

For at jærbonden skulle klare å arbeide opp den skrinne jorda dei frå naturen si sida hadde fått tildelt, var det fleire tilhøve som måtte liggje til rette. Klimaet tærte hardt på bygningane deira, men dei korte og til dels milde vintrane gjorde garden lettare å drive. Den

nye reiskapen og dyrkingsmetodane som etterkvart vart tilgjengelege var òg sentrale aspekt ved den endringa me ser har funne stad på Jæren dei siste hundre åra. Og desse tilhøva bar altså frukter når dei vart kombinerte med den arbeidsinnsatsen bøndene la ned i jorda.

Med ei slik historie, og ein tradisjon så sterkt festa i det moderne, er det kanskje ikkje til å undrast over at jærbonden ikkje er så oppteken av å ta vare på ymse materielle objekt frå ei attendelagt fortid. Dei følgjer spora forfedrene deira trakka, og lever opp til historiene om den driftige og nyskapande jærbonden. Slik vert det klarare, og til å forstå, at identiteten og tilhøyra dei kjenner til heimstaden og yrke fyrst og fremst er knytta til det dei kan skape i dag. Jærbuen fekk tidleg læra at dei ikkje kunne smykke seg med ei glansrik fortid når det kom til gjenstander og hus. Men det dei "alltid" har fått ros for er den arbeidsinnsatsen dei har lagt ned i gardane sine, og som fram til i dag snarare har vore med på å leia dei inn i ei glansrik framtid.

Men kva med skuldningane om at desse menneska er identitets- og historielause, og at dei med å fjerne den materielle kulturarven sager over den greina dei sjølv sit på? Det har i den siste tida vorte sett eit sterkt fokus på den trongen mennesket i dag har til å kjenne si fortid, og korleis ein ved å skape seg ein kontinuitet attende i tid byggjer eit sterkare fofeste i si eiga samtid. For jærbonden er det ikkje i same grad naudsynt å *skape* denne kontinuiteten. Dei fleste bøndene overtek garden på odel og dei vert gjennom dette systemet eit ledd i ein kjede som som oftast går nokre generasjonar attende i tid. På den måten vert dei sett inn i ein samanheng. Garden gjev dei eit haldepunkt, og det faktum at det er deira forfedre som har vore med på å drive han fram

til det han er i dag, kan vera med på å gje dei ei kjensle av tilhøyre.

Her ser me at fortida gjennom garden og slekta kan ha noko å tyde for jærbonden, om det ikkje fører med seg at han går inn på premissene til det tradisjonelle vernearbeidet.

Når me no har sett på nokre av dei banda jærbonden har til Jæren i dag og til fortida, må ein gå vidare og spørja seg om kva det er som får akkurat desse sakene til å stå att som sentrale moment for jærbonden. Ei viktig årsak til at nett Forteljningane om arbeidet og naturen overlever, og er med på skape den kulturen jær-bøndene representerar i dag, er truleg at dei står i eit så tett samband med dei menneska dei tyder noko for. Nettopp *det* er avgjerande for om forteljningane er gyldige og anvendbare for dei menneska dei gjeld. Så lenge dei er tett knytta til bøndene sitt kvardagsliv vert førestellingane endra eller vedlikehaldne gjennom ein gjensidig påverknad mellom diskurs og praksis. I dette tilfellet vil ein kunne finne at det eksisterer ei førestelling om den driftige jærbonden som er kjend blant bøndene på Jæren, og som kan vera med på å setje dei inn i ein større heilskap i notid, og vera med på å skape ein kontinuitet attende i tid.

Rett eller plikt?

Her har eg gitt dykk ein liten peikepinn på dei tinga eg fann då eg dukka ned i materien for å skrive hovudoppgåva om Vår nye bondekultur. Men kva så når ein skal arbeide med kulturvern på Jæren. Fyrst av alt trur eg det er viktig at uansett kor ein har sitt virke, så skal ein aldri gløyme kven ein arbeider for og med. Men når det dreier seg om ivaretaking av gamle jærhus,



Gravemaskinane har hatt mykje å sei for nydyrkinga, og i den mest aktive perioden vart dei mest som ein del av kulturlandskapet på Jæren.

Foto: Bondevennen.

er desse to gruppene kanskje ikkje alltid samanfallande. Dei som verdset husa, og helst såg at det var fleire att, er ofte ikkje dei same som står som eigarar og forvaltarar.

Kva gjer ein då som kulturvernar i eit slikt dilemma. Det er sjølv sagt ikkje noko enkelt fasitsvar på eit slikt komplekst spørsmål, og det var heller ikkje mitt mål med denne oppgåva å gje eit slikt svar. Men økonomi er sjølv sagt ein faktor her som alle andre plasser. Det er ofte eit moment som dei som jobber med kulturvern ikkje sjølv er herre over. Likevel har det så pass stor tyding at det i større grad burde vore diskutert. Vert det venta ei satsing på dette feltet, bør ein gå nærare inn å sjå på dei tiltaka som må setjast i verk for at det skal la seg gjennomføra. Her ligg ansvaret i større grad

hjá dei sentrale styresmaktene enn hjå dei lokale bøndene.

Ei anna sak som ein i større grad kan påverka, er korleis lover og regler er utarbeida, og ikkje minst kor smidig ein er viljug til å tolke dei. Men uansett så trur eg at det er viktig både å ynskje og tore å ta ein debatt om desse problemstillingane. Og det er i sterkare grad det eg har vore oppteken av i samanheng med dette prosjektet. Spørsmål knytta til historieforståing, nytte av historia, kva og korleis skal den ivaratakast o.s.b. har generelt altfor lett for å gli forbi oss utan diskusjon. Eindel grunnprinsipp som vart vedtekne for mange år sidan heng framleis att, og stenger ein kanskje frå å klare å tenkje medvite gjennom kva posisjonar og strategiar ein ynskjer å følgje i desse samhengane.

Eg er temmeleg sikker på at det ikkje er ein ny tanke for nokon at jærbonden generelt er meir oppteken av nyskaping enn av ivaretaking. Men kor mange er det som har tenkt på dette som kulturtrekk som kan vera minst like viktige for jærbonden som det dei gamle jærhusa representerer? Me har altfor lett for å kimse av dei tinga som ikkje fell innanfor våre eigne opptrekte rammer.

Gjennom arbeidet med hovudfagsprosjektet har eg fundert kring dette temaet i vid forstand, og etterkvart har parallellen og linjene ein kan finne mellom verne-diskusjonar i dag og det rednings- og konstruksjonsarbeidet som vart gjennomført på 1800-talet kome sterkare fram.

Som eg var inne på tidlegare vart ikkje den jærskje bondekulturen særskilt verdsatt i denne samanhengen, og saman med store deler av Noreg vart Jæren med eit handslag feia vekk frå det “rette” kulturelle kartet som representerte Noreg både innanfor og utanfor landegrensene. Innbyggjarane i landet vart etter den kulturelle samlinga av Noreg til eit rike, stort sett sitjande att med ein felles norsk kulturarv som sånn omtrentleg var representert med Setesdal, Gudbrandsdalen og Telemark (Berggreen 1989). Dette måtte nødvendigvis få konsekvensar for det norske folk sitt medvit på lokalplanet?

Og det kan me med visse sei at det gjorde. Den dag i dag vil nok dei fleste på Jæren trekje fram stabbur, hardingfeler og rosemaling, før steingardar og jærhus, om dei vert bedne om å nemne noko som er typisk norsk. Og det seier ein heil del om kor velukka oppdragelsesprosjektet til våre føregangsmenn har vore. Gjennom årtier fekk folk utanfor dei såkalla “kultu-

relle kjerneområda” fortalt gjennom skuleverk, bøker, museum o.s.b at dei ikkje hadde ein kultur. Rett og slett. Men utover på 70-talet, for å ta eit nokså stort skritt framover, hadde representantar frå kulturapparatet sett seg leie på det kulturelle hegemoniet deler av befolkningen sat med. Det vart lagt inn ein prisverdig innsats for å gje folk attende deira eigen kultur. Det vart satsa på forskning som var knytta til kystkultur, samekultur o. s. b., og folk frå dei ulike regionane i Noreg skulle lærast opp til å få ei kjensle av kva som er særskilt for deira region.

No er det altså ikkje lenger berre det nasjonale heilskapsperspektivet som er i skotet, men i like stor grad vert dei regionale særartane trekte fram som viktige identitetsmarkørar. Det er ikkje lenger berre tale om å kjenne seg som nordmann, men i like grad som stril, jærbu eller tromsøværing. Dette arbeidet har vore omtala som eit ynskje om å gje folk “*Retten til ei fortid*”. Bakgrunnen for desse tankane var at ein ikkje skulle vera nøydd til koble seg på ei rikshistorie, men at folk skulle “lærast” til å verta stolte av sin eigen bakgrunn.

Men har denne medalja ei baksida? Folkloristen Anne Eriksen lanserar i artikkelen “Å lytte til historiens sus” (Eriksen 1995), i kontrast til ideen om *Retten til ei fortid*, omgrepet *Plikten til ei fortid*. Kor viktig fortida er for den einskilde sin identitet og tilhøyre er ei haldning som er opplesen og vedteken i den grad at det kan vera vanskeleg å stilla seg kritisk til denne “sanninga”, meiner ho. Ein finn med andre ord att litt av den same mekanismen som trådte i kraft i det forrige hundreåret, sjølv om lista over verneverdige objekt har utvida seg noko. Sjølv sagt slår dette òg ut i tilhøve til



«Jærbuene har ikke beholdt det samme snitt på sine klær så lenge at dette har gått inn i bevisstheten som noe der hører Jæren særlig til eller fikk preg av noe særlig nasjonalt som tilfelle har vært enkelte andre steder i landet, f.eks. i Hardanger, Telemark og Setesdal». (Grude 1970:108) Underforstått var det dei hadde, ikkje autentisk nok til å kunne stå som representasjonar på den norske folkesjela. Leikarringen i Time har teke konsekvensane av dette, og stiller her i Harandangerbunader.

Foto frå biletsamlinga i Time.

den materielle kulturarven.

Det er ikkje lenger tale om ein rett til å ta vare på desse elementa, men snarare ei plikt som det ikkje vert sett med blide auge på om ein neglisjerar. I begge desse tilfella av oppsedingsiver, frå ulike periodar av vår

historie, er det eliten i samfunnet, enten dei har sete med det kulturelle eller det økonomiske hegemoniet, som har stått ved roret. Kanskje kan ein seie at det i dag er den utdanna middelklassen som har teke over borgarskapet si rolle som lærermeister for folket?

Er det slike prosessar og eit utslag av oppsedingsiver me står overfor når vern kontra riving vert diskutert her på Jæren? Det er viktig for oss som kulturvernarar å få gjennomslag for våre tankar om kva som er viktig å ta vare på i ein kultur. Men kva skjer når den gruppa som meiner å forvalte sanninga om kulturarv, identitet og historieforståing ikkje trekkjer i same leia som dei som lever midt oppe i dette. Kven er det då som har retten på si side, og korleis møter me ei slik utfordring? Kanskje vil det vera til noko hjelp å prøve å finne dei momenta som tyder noko for jærbonden. Kva det er som får bonden til å kjenne seg heime her på Jæren? Slik vil ein i større grad kunne skaffe seg ein felles plattform som er naudsynt for å kunne forhandle seg fram til løysingar som er akseptable for begge partar.

Avslutning

Eg vil gå litt attende til dei tema som eg lanserte innleiingsvis. Eit viktig spørsmål i vernedebatten som oppstod etter rivingssaka på Varhaug, var utvilsomt om jærbonden er totalt historielaus i dette voldsomme jaget etter nyvinningar og framskritt. Etterkvart som eg kom nærare kjeldene og den jærskje historia vaks det fram eit sentralt poeng. Allerede frå slutten av forrige hundreåret hadde jærbonden i seg ein streven mot det nye. Som eg viste tidlegare med ulike sitat vart han allerede då plassert blant dei fremste jordbrukarane i landet. Blant dei som ikkje var redde for å ta i bruk dei dei nye tidene bringa med seg. Har ein dette som utgangspunkt ser ein at jærbondene i dag på ingen måte kan karakteriserast som historielause, men snarare som gode og strenge voktarar av den tradisjonen dei har fått med seg frå sine forfedre. Dei arbeider vidare i dei fote-

fara som deira forfedre gjekk opp, sjølv om det må innebera å kvitte seg med deler av det livet dei representerte.

Då eg starta med dette prosjektet hadde eg ikkje noko ynskje om å skriva jærbonden si historie. Snarare ville eg gjennom deira historier frå fortid og samtid prøve å skjønne nokre av dei fenomena og hendingane som finn stad der i dag. Med denne innfallsvinkelen vert det ei studie av korleis jærbondene knytter seg til den moderne tradisjonen dei er ein del av, og som går meir enn hundre år attende i tid. Det er òg ei freisting på å skjønne kva desse banda får å tyde for deira kvar dagsliv, tilhøyre til Jæren og tilhøve til fortida. Men når alt dette har vorte sagt, så er det og avslutningsvis ein annan ting som må nemnast. Det er at Jæren ikkje berre er bønder, gardar og oppdyrka kulturlandskap, det femner om eit langt vidare spekter. Men det er denne delen eg har valt å ta fatt i for å kunne setje søkjelyset på dei problemstillingane eg ynskjer å seie noko om. I tillegg er det bondene som stort sett sit som forvaltarar av dei ulike kulturminna i området, avdi jærhusa, steingardane og dei gamle gravhaugane som oftast ligg i tilknytning til gardsbruka. Store deler av ansvaret for korleis desse kulturminna vert forvalta ligg difor i deira hender.

Men kva med framtida? Det er kanskje ikkje berre jærhusa som går ei usikker framtid i møte. Kva med jærbonden sjølv? Etterkvart som det kanskje vil verta lagt meir press på bondene om ikkje å drive jorda så hardt som mange meiner dei gjer, kan det verta vanskeleg å stadig auka avlingar og utbytte. Kanskje vert det vanskelegare å halde Forteljinga om den driftige jærbonden like aktuell og positivt lada. Kor vil då jærbonden hente sin identitet og ei kjensle av å høyre

til? Kanskje vil dei då i sterkare grad kikke seg attende etter andre objekt frå fortida å knyte si kjensle av tilhøyre til? Me ser allerede no at desse tendensane har vorte eit tema for diskusjon i dei fora som meiner at det vert drive rovdrift på jorda slik ho vert behandla i dag. Truleg får desse tankane auka aktualitet i åra som kjem, og då vil

Litteraturliste

Barkved, O. 1989: *Frå verkstad til industri 1864-1914*. I: Serigstad, A. (red.)

1989: *Erfaring gir grunnlag for tillit*. Bryne; Bryne Offset

Berggreen, B. 1989: *Da Kulturen kom til Norge*. Oslo; H. Aschehoug & c/o

Connerton, P. 1995: *How Societies Remember*. Cambridge; Cambridge University Press

Eriksen, A. 1995: *Å lytte til historiens sus*. I: Kulturella perspektiv 4/1995

Furre, B. 1990: *Soga om Lars Oftedal*. Oslo; Det Norske Samlaget

Furre, B. 1987: *Rogaland- noko for seg. Kven var oftendølene?*

Furre, B. 1987: *Mjøl, mjølk misjon og moderate. Eit tolkingsforsøk*.

Furre, B. 1987: *"Fremskridt men ingen omveltning"*.

I: Fossåskaret, E. & Furre, B (red.) 1987: *Rogalandskulturen. Mellom religion og politikk*. Stavanger; Høgskolesenteret i Rogaland

Gilje, N. 1994: *Hans Nielsen Hauge og kapitalismens ånd*. Bergen; LOS senteret, UiB

Krogh, E. 1996: *Landskapets fenomenologi*. Skriftleg utgåve av seminarinnlegg, 22.april 1996

Lindanger, B. & Nordås, H. 1987: *KLEPP Bygdesoge 1837-1987*.

Stavanger; Dreyer Bok

Sletten, V. 1943: *Fram stig Rogaland*. Stavanger, Stabenfeldt

Sundt, E. 1900: *Bygningskikk i paa Bygderne i Norge*. Kristiania; H. Aschehoug & co.

Sørby, H. 1983: *Jærmaleriet*. Stavanger, Oslo, Bergen, Trondheim; Universitetsforlaget

det ikkje vera så lett for jærbondene å få anerkjenning for det arbeidet dei legg ned i gardane sine. Og når alt kjem til alt er dette ein stor del av korleis dei representerer seg, både innad i miljøet blant andre bønder, og utad.

Sægrov, S. 1989: *Framsteg gjennom folkeopplysning*. J.A. Budde sin plan for landbruksutdanning er 150 år. I: Bø, A., Grimstvedt, M., Risa, L., Skretting, T., Snørteland, M. (red.) 1989: *Sjå Jæren*. Nærbø; Jærmuseet

Tveite, S. 1981: *Den driftige jærbu- myte eller realitet*. Artikkel byggd på foredrag halde i Rogaland Akademi 1981

Avisartiklar

Jærbladet, 19 april 1995: *Verneverdig jærhus revet*
Stavanger Aftenblad : Særtrykk av artikkelserie "Sjå Jæren, nye Jæren", våren 1988

Avisinnlegg

Stavanger Aftenblad, 25. april 1995: *Statstøttet vandalisme i Varhaug*

Kronikk

Bergens Tidende, 30. mai 1995: *En radikal ildprofet fra Tune*

Munnlege kjelder

Livar & Nina, band 1-2
Halvard & Ingrid, utskrift etter samtale
Torstein, band 3-4
Thorvald, band 5
Fritjof, band 6-7
Omund & Kari, band 8-9
Geir, band 10-11
Hans, utskrift etter samtale
Helge, band 12

Forfattaromtale

Jan Carlsen

f. 1938 i Oslo. Arkitektskole i England 1958 - 1963. Praksis ved arkitektkontorer, senere amanuensis i by- og regionplanlegging ved Arkitekthøgskolen i Oslo. Nå er han frilans fagskribent og kulturjournalist.

Bjarne Tron Egeland

f. 1935 i Time. Sivilagronom ved Norges Landbruks-
høgskule på Ås i 1964. Fylkesagronom i Sogn og
Fjordane og eitt år som vit.ass. på Institutt for
bygningsteknikk, Ås. Frå 1979 har han vore fylkes-
agronom i bygningsteknikk i Rogaland.

Herwig Pommeresche

f. 1938 utanfor Hamburg. Dipl.ing. arkitekt frå
Hannover. Han har vore busett på Jæren dei siste 25
åra og har fått eit nært forhold til området. Har m.a.
vore med på restaureringsprosjekt på Hå bygde-
museum: vindmaskin, vasshjul og kvernkall. Han
underviser i økologi saman med Ingvald Erga.

Ingebjørg Reigstad

f. 1943 i Bergen. Hovudfag i kunsthistorie ved
Universitetet i Bergen. Har arbeidd med kulturvern i
Bergen, Stavanger og hos fylkeskultursjefen i
Rogaland. Har vore kulturvernleiar i Klepp kommune.
Arbeider nå som førstekonsulent i Kulturavdelinga i
Rogaland fylkeskommune.

Ragnhild Thu

f. 1968 på Jæren. Hovudfag i etnologi ved Universitetet
i Bergen 1996. Jobbar no med kulturvern og
kulturhistoriske utstillingar i Hå kommune.